



Arkivsaknr: 2024/7441-12
Sakshandsamar: Ingunn Øvretveit
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornying av alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1-3 frå 01.10.24 - 30.09.28 - iSushi AS

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. iSushi AS org. nr 998772184 får innvilga alminnelig skjenkeløyve inne og utandørs for alkoholhaldig drikk gruppe 1 - 3 ved iSushi x Roxys Knarvik, Kvernhusaugane 10, 5914 Isdalstø.
2. Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er frå kl. 11.00 – 22.00 mandag – onsdag og kl 11.00 – kl. 23.00 torsdag – lørdag. Søndag frå kl. 12.00 – 22.00. Søn- og helligdager startar skjenking kl.12.00.
3. Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 3 er frå kl. 13.00 – 22.00 mandag – onsdag og kl 13.00 – 23.00 torsdag – lørdag. Søndag frå kl 13.00 – 22.00.
4. Det er eit krav at det er skjerming på minimum 1,20 m ut mot fortauet på skjenkearealet utandørs.
5. Styrar for skjenkeløyvet er Laimona Einikyte f. 20.05.91 og avløyser er Cecilie Stendal f. 06.08.81
6. Løyvet vert gjeve for løyveperioden frå 01.10.24 – 30.09.28

Løyvehavar pliktar å senda til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 1. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvens for dei vilkår som er sett i løyvet.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak jfr.

Forvaltningsloven §29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår

Saka gjeld

Søknad om fornying av skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 -3 i perioden 2024 – 2028.

Bakgrunn

iSushi AS org. nr 998772184 har i søknad datert 20.06.24 søkt om fornying av skjenkeløyvet inn og utandørs for alkoholhaldig drikk gruppe 1 - 3 i tidsrommet 01.10.24 – 30.09.28.

Driftskonseptet er restaurant. Skjenkeareal inne er 120 kvm og utandørs 35 kvm. Laimona Einikyte er styrar for skjenkeløyvet og Cecilie Stendal er avløysar.

Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er frå kl. 11.00 – 22.00 mandag – onsdag og kl 11.00 – kl. 23.00 torsdag – lørdag. Søndag frå kl. 12.00 – 22.00.

Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 3 er frå kl. 13.00 – 22.00 mandag – onsdag og kl 13.00 – 23.00 torsdag – lørdag. Søndag frå kl 13.00 – 22.00.

Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltretr (Alkoholova §1- 6). iSushi AS søker løyve for ny periode.

Søknaden har vore til uttale hjå NAV Alver, politi og skatteetaten som ikkje har merknader til søknaden eller omsøkte personar.

Styrar og avløysar for salsløyvet har bestått kunnskapsprøven i samsvar med alkoholova §1-7 c.

iSushi AS fekk innvilga skjenkeløyve utandørs juni -23 på vilkår at det vart sett opp minimum 1,20m høg skjerming mot fortauet – HO- 031/23.

Alkoholova §1- 7b - krav til vandel og alkoholova §1-7 a kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad, kommunen sin alkoholpolitiske plan og Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 er lagt til grunn i vurdering av søknaden.

Kommunedirektøren si tilråding

Søknaden vert tilrådd innvilga.